

Doktor Haugen slik du minnest han 13.

23.12.2014



Dr. Haugen som rimsmed.

Dr. Haugen var kjent for å ha ordet i si makt. Dei mange slagferdige og kortfatta replikkane han vert hugsa for, fortel tydeleg om det. Haugen var også flink med det skrivne ord. Her hadde han også evne til å vera kort, og gjerne på rim. Ståle Eik har eit minne om det.

Ståle kan endå gjengje ordrett helsinga doktoren skreiv i telegrammet til oldebessen hans, Sivert Kjærland, då han fylte 85 år. Det lydde slik:

Heimabrygg høveleg.
Vinje-vers longe
Varsemd i matfat
Slik åri vert monge.

Dr. Haugen var jo kjend for å snakka pent bymål. Her legg vi merke til at han skreiv på nynorsk, slik det høvde seg, til kulturpersonlegdomen Sivert Kjærland som mellom anna var kjend som svært dugande å deklamera dikt.

Det hører og med til historia at 'åri vart monge'. Sivert Kjærland vart svært gammal, 96 år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.